



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg: Driftsstyret**  
**Møtestad: Voldfjorden, Volda rådhus**  
**Dato: 08.02.2017**  
**Tid: 13.00**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 5/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 6/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 4/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 5/17	<b>Elevtalstutvikling og fordeling av 1. klassingar</b>
OS 6/17	<b>Skisse til utgreiing av barnehagedrifta i Volda kommune</b>
OS 7/17	<b>Rapport etter brukarplankartleggingar 2016 v/tenesta for rus og psykisk helse</b>
OS 8/17	<b>Kulturmidlar - Volda kommune</b>

**PS 5/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 6/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**OS 4/17 Orienteringssaker**

**OS 5/17 Elevtalstutvikling og fordeling av 1. klassingar**

**OS 6/17 Skisse til utgreiing av barnehagedrifta i Volda kommune**

**OS 7/17 Rapport etter brukarplankartleggingar 2016 v/tenesta for rus og psykisk helse**



# VOLDA KOMMUNE

## Servicekontoret

Driftsstyret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/2129	1272/2017	223	SVK/ SONHAV	27.01.2017

### MELDING OM POLITISK VEDTAK - KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.01.17, hadde føre ovannemnde som sak PS 8/17, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.***
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.***
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.***
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Inger-Johanne Johnsen – kultur- og servicesjef  
Henrik Skovly - økonomisjef  
Andreea Beleuta - økonomi  
Marija Ostojic - rekneskap  
Astrid Gjersdal – frivilligsentralen  
Bente Kristin Krøvel - driftsstyret

---

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058701

Telefaks:  
70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/2129
		Arkivkode:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/17	Formannskapet	10.01.2017
8/17	Kommunestyret	26.01.2017

## KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

### Handsaming:

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.*
- 2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

### Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Arild Iversen.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 15 røyster og vart vedteken, framlegget frå Arild Iversen fekk 11 røyster og fall.

### Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

### Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg, som vart reist som fellesframlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*

2. *For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
3. *Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
4. *Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret :**

1. *Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
2. *For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
3. *Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
4. *Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.*
2. *Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

#### **SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA:**

Kommunestyret vedtok i sak 172/16 (budsjettvedtaket) at det skulle utgreiast ei sak der midlar for tildeling til kulturtiltak blir utgreidde.

Kvart år kjem inn eit titals søknader om midlar frå lag og organisasjonar, noko som viser at dei forventar at kommunen har slike midlar til fordeling. Det har imidlertid ikkje vore budsjettert med kulturmidlar dei siste ti åra, ut over midlar til 17. maifeiring i sentrum (20.000 kr pr år) og på bygdene (1000 kr pr år).

Dei såkalla kulturmidlane vart tekne vekk i tidlegare budsjetthandsaming som eit sparetiltak for å frigjere midlar til kommunen sine primær oppgåver. Det er ikkje sett av pengar til kulturmidlar i budsjett og økonomiplan for perioden 2017 – 2020. Dersom tiltaket skal prioriterast må det også løyvast midlar.

#### **VURDERING**

Volda kommune ønskjer å vere ei allsidig og levande kulturkommune. Gjennom kulturmidlane kan kommunen stimulere og bidra til variert kulturtilbod og opplevingar som kan aktivisere menneske i alle aldre, med ulike interesser og føresetnader. Målsettinga er å fremme eit aktivt, allsidig og kvalitetsmessig godt kulturliv.

Dersom kommunestyret vel å gjeninnføre ordning med kulturmidlar, meiner rådmannen meiner det er viktig å sjå tiltaket i ein overordna samanheng og vere tydeleg på formålet med ordninga. Kommunen har sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og folkehelse. Det er særleg viktig å ha fokus på aktivitet og oppfølging av barn og unge for å førebyggje mot utanforskap og inkludere i fellesskapen. Rådmannen vil derfor foreslå at tiltaket vert særleg retta mot organisasjonar og aktivitetar for barn og unge.

### **Forslag til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune**

- Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune (evt. i felleslag med nabokommunene). Dersom foreiningane har medlemmer også frå andre kommuner, må fleirtalet av medlemmane vere busett i Volda kommunen og foreininga si adresse/møtestad må vere i kommunen.
- Søknader som gjeld barne- og ungdomsarbeid skal prioriterast.
- Foreiningar som skal få støtte må ha vore i drift i minst 6 månader. Foreininga må ha ope medlemskap, vedtekter og vald styre. Det må minst vere 10 medlemmer som betalar medlemskontingent.
- For lag og foreiningar som driv fleire aktivitetar – til dømes fleiridrettslag/allianseidrettslag – skal det sendast berre *ein* søknad der det blir forklart kva evt. tildelte kulturmidlar skal nyttast til.
- Det blir ikkje gitt støtte til kommersielle tiltak og arrangement, som t.d. konsertar, messer og liknande. Det blir heller ikkje gitt stønad til politiske foreiningar og trussamfunn.
- Kulturmidlane blir delt ut 1. halvår kvart år. Søknadsfristen er 1. mai. Søknader som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli handsama.
- Årsmelding og rekneskap for siste år skal leggest ved søknaden.

Oppretting av kulturmidlar i Volda kommune vil bidra til å styrke kulturlivet i kommunen og å gje moglegheit for enda større aktivitet i lag og organisasjonar. Formannskapet må avgjere kva politisk organ som skal tildele kulturmidlane, og om det også er andre grupper enn barn og ungdom som skal prioriterast.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Det er ikkje sett av midlar til tiltaket. Budsjettet for 2017 er godkjent med bruk av om lag 19 millionar i disposisjonsfond. Økonomiplanen er basert på reduksjon i tenesteeiningar og effektivisering for å balansere økonomien. Kommunen bør derfor ikkje opne opp for nye driftstiltak/auka driftstiltak. I så fall bør det vere tiltak som har positiv effekt på drifta og økonomien. Tiltak retta mot barn og unge kan ha det på sikt. Oppretting av tiltaket i 2017 vil auke sårbarheita i økonomien til kommunen for driftsåret.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

## KONKLUSJON

Rådmannen tolkar kommunestyret slik at ein ynskjer å gjeninnføre ordninga med kulturmidlar, og at det er vilje til å gi dette prioritet. Dersom ein skal innføre dette i 2017, ser ikkje rådmannen annan finansieringsmåte enn å dekkje dette av formannskapet sin disposisjonspost. Dette reduserer handlingsrommet i økonomien for driftsåret.

Prinsipielt meiner rådmannen at alle kjente tiltak som kommunestyret vil prioritere skal vere innarbeidd når kommunestyret godkjenner budsjettet. Tiltak som ev ynskjer utgreidd for så å ta stilling til dei, bør i prinsippet kome att som tiltak som vert innarbeidd i neste års budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Rådmannen ser to moglege alternative løysingar i saka:

A.

1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.
2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

B

1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.
2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.
3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.

Fagleg vil rådmannen tilrå alterantiv A ettersom budsjettet for 2017 nettopp er vedteke, og at kjende tiltak som ein ynskjer utgreidd bør kome att i samband med neste års handsaming av budsjett og økonomiplan. Dette er også viktig for å gjere ei samla prioritering av dekning over drifta.

Rune Sjugard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

### Utskrift av endeleg vedtak:

Administrasjonen for vidare arbeid  
Økonomisjefen